

## Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

**Magne Hagesæter (LO)** sette fram slikt forslag til nytt punkt 4 og 5 i vedtaket:

«Tilleggsforslag, nytt punkt 4:

Fylkestinget vedtek at dei to reinhaldsområda Nord og Sør så raskt som mogleg skal tilbakestilla slik at dei dekker områda dei var meint å dekke. Det inneberer at område Nord ikkje strekker seg lengre sør enn Voss.

Tilleggsforslag, nytt punkt 5:

Fylkestinget vedtek at det skal greiast ut kva som er dei moglege gevinstante ved å utvide reinhald i eigen regi til dei tannklinikkane som i dag nyttar anbod, både for området Stor-Bergen særskilt og for heile Vestland.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tilføre «tilsett» på punkt 2: Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast tilsett vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.»

### Avrøysting

Pkt. 1 i fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke

Pkt. 2 i fylkesdirektøren si innstilling vart vedteke mot Magne Hagesæter (LO) si røyst

Forslag frå Marthe Hammer (SV) om tillegg i pkt.2 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 i fylkesdirektøren si innstilling var samrøystes vedteke.

Forslag frå Magne Hagesæter (LO) om nytt pkt.4 fekk ei røyst (LO) og fall.

Forslag frå Magne Hagesæter (LO) om nytt pkt. 5 vart vedteke med røystene frå dei tillitsvalde og Marte Hammer (SV)

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek å etablere ei vikarteneste innan reinhald for Stor-Bergen.
2. Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast tilsett vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.
3. Fylkestinget vedtek at vikartenesta i Stor-Bergen og løysinga med fast vikar i Nordfjord og Sunnhordland skal løysast innan eksisterande økonomisk ramme for reinhald.
4. Fylkestinget vedtek at det skal greiast ut kva som er dei moglege gevinstante ved å utvide reinhald i eigen regi til dei tannklinikkane som i dag nyttar anbod, både for området Stor-Bergen særskilt og for heile Vestland.